


Vedrørende søknad om plass i barnehage frå og med hovudopptaket 2023

Frå og med hovudopptaket 2023 vil søknad om barnehageplass i Fyresdal kommune utførast via Visma føresettportal. Dette gjeld om du søker for fyrste gong, du søker endring av plasstype eller om du seier opp plassen. Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du loggar deg på føresettportalen, og korleis du legg inn søknad om barnehageplass i portalen.

- Klick på denne lenka: <https://foresatt.visma.no/fyresdal>
- Logg inn med elektronisk ID via ID-porten



Språk

Føresette kan bytte mellom bokmål, nynorsk og engelsk. Valt språk er markert med ei grøn hake.

Fylle ut søknad

Søknad om barnehageplass inneheld fem trinn, der du som søker må fylle inn informasjon:

1. Opplysningar om barnet
 - a. Fødselsnummer
 - b. Namn
2. Kontaktopplysningar om føresette
 - a. Relasjon til barnet
 - b. Mobilnummer
 - c. E-postadresse
 - d. Legg ev. til medsøkar
3. Vel barnehage
 - a. Ynskja oppstartsdato
 - b. Barnehage i prioritert rekkefølge - Fyresdal barnehage
 - c. Plasstype
4. Andre opplysningar
 - a. Morsmål
 - b. Opptakskriterium barnet oppfyller
 - c. Dokumentasjon for kriterium der dette krevjast
 - d. Andre relevante opplysningar
5. Kontrollskjema

a. Kontroll av opplysningar i søknad

b. Innsending av søknad

Søknaden sendast elektronisk, direkte frå føresettportalen, til Visma Flyt Barnehage si administrasjonsløysing for kommunens opptaksmyndigheit. Når søknaden er sendt, vil du motta ei bekrefting på den e-postadressa du har oppgitt i søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknad i føresettportalen kan du kontakte barnehagestyrar Kathrin Theres Liltved på 35 06 71 80 eller 97 06 46 81.

Lykke til!